
Saknr: 2020/48501-2
Saksbehandlar Sissel Lillebø Aarseth
Dato: 22.04.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Tilskotsordningar under hovudutval kultur, idrett og integrering - samla gjennomgang

I sak 21/20 i hovudutval for kultur, idrett og integrering 13.02.2020 vart det vedteke:

«Hovudutvalet ber administrasjonen om ei sak med ein samla gjennomgang av tilskotsordningane på utvalet sitt område, med sikte på mogleg forenkling, samordning og tydelegare samanheng mellom tilskotsordningane og overordna politiske mål og strategiar for Vestland fylkeskommune.»

Fylkesdirektøren vil i dette notatet gi ei samla oversikt over tilskotsordningar innan kultur, idrett og frivilligfeltet som det er mogleg å søkje på frå Vestland fylkeskommune. Oversikta er delt i to;

- tilskotsordningar som er finansiert av fylkeskommunen
- ordningar som fylkeskommunen forvaltar på vegne av andre, stort sett statlege ordningar

I dei fleste ordningane (prosjektstøtte) er det Hovudutval kultur, idrett og integrering som har avgjerdsmynde. Fylkestinget løyver nokre tilskot (driftsstøtte) som del av budsjettprosessen. Unntaksvis har fylkesdirektøren mynde til å løyve enkelte tilskot. Det ligg då føre politisk vedtak om å gje administrativ fullmakt.

Tilskot er eit økonomisk verkemiddel som fylkeskommunen har for å fremje vedtekne politiske mål, til dømes eit aktivt og variert kulturliv i fylket. Gjennom retningslinjer som definerer føremål, målgruppe, m.m. bidreg tilskota til å oppfylle dei ulike regionale måla som er skissert i dei to regionale kulturplanane.

Etter samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland har det vore behov for å gå gjennom alle tilskotsordningane for å få samordna retningslinjene for Vestland fylkeskommune. I tillegg har ein utvikla tilskotsporteføljen og det kan kome til nye ordningar. Retningslinjer vert vedtekne av KULII fortløpande. Dette vert følgt av utlysing av ordningane og handsaming av innkomne søknader etter ein sett søknadsfrist,.

Fylkesdirektøren vil peike på at vi kan nytte budsjettprosessen for 2021 til å vurdere om ein treng mindre justeringar av ordningane. Dette kan gjelde behov, innretning og økonomi. Fylkesdirektøren ser ikkje føre seg at det vert store endringar i tilskotsregimet før ein ev. har vedteke ein ny regional kulturplan for Vestland. Ein regional plan vil etablere klare og tydelege politiske mål og vil vere utgangspunktet for etablering av relevante tilskotsordningar. Det er naturleg at alle verkemiddel vert vurdert i den prosessen.

Fylkesdirektøren ser føre seg å invitere utvalet til årlege drøftingar for å klargjere dei politiske måla før utlysing av tilskot. Dette kan gjerast som ein del av budsjettprosessen t.d. i november, ev. som eiga sak til hovudutvalet.

Vedlagt ligg oversikt over tilskotsordningar.